

**KONTROLLUTVALET I  
SANDØY KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 18. november 2019, kl. 15.45

Møtestad: Sandøytunet

Møtet vart leia av Svein Ove Søholt.

Elles til stades:

Ann Elin Apelseth Harnes og Nils Erling Finnøy.

Meldt forfall: Jan Kåre Brunvoll og Liss Anniken Hagen.

Ingen vara hadde høve til å møte.

= **3 voterande**

---

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen møtte rådmann Anny Sønnerland, einingsleiar Ann Kristin Røyset og kommunelege Sven Walter.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte ansvarleg revisor Anne Nygård.

Innkallinga og sakslista vart godkjent.

<b>Sak 19/19 - Godkjenning av møtebok frå 02.09.2019</b>
--

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 02. september 2019 blir godkjent.

<b>Sak 20/19 – Revisjonsstrategi 2019 for Sandøy kommune.</b>
---

Sakspapir frå sekretariatet datert 11. november 2019

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2019 for Sandøy kommune og påpeiker viktigheita av at dette blir teke med vidare.

## **Sak 21/19 – Diverse orienteringar frå rådmann.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 11. november 2019

Det var ikkje lagt fram tilråding i saka.

Kommunelege Sven Walter ga ei orientering om arbeidet kring legevaktordninga. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

Rådmann Anny Sønnerland og einingsleiar Ann Kristin Røyset ga ei orientering kring sluttrekneskapet for Sandøytunet og om kommunestyret si handsaming av dette prosjektrekneskapet.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringane og tek dei til vitande.

Møtet var slutt kl. 17.40

Svein Ove Søholt  
Leiar  
(sign.)

Ann Elin Apelsest Harnes  
medlem  
(sign.)

Nils Erling Finnøy  
medlem  
(sign.)